

Utfordringar og muligheter for Vestlandsjordbruket - behov for ei sterkare regionalisering av landbrukspolitikken

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet meiner at fylkeskommunane i større grad bør ta ansvar for ein regional landbrukspolitikk basert på ein politikk for landskap og busetjing.
2. Mål om å stoppe nedgangen i jordbruksareal på Vestlandet, auke turisme på Vestlandet gjennom ope landskap og bygder med husdyr og folk, bruk av meir lokale råvarer til matvareindustrien og utvikle nye næringsmiddelbedrifter, og sikre rekruttering til landbruket, vil vere særleg sentrale for ein regional landbrukspolitikk
3. Ein landbrukspolitikk for matproduksjon bør framleis vere nasjonal.

Prenta vedlegg:

“Utfordringar og muligheter for Vestlandsjordbruket – behov for ei sterkare regionalisering av landbrukspolitikken?” – Fråsegn til Landbruks- og matdepartementet

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

I denne saka gjer fylkesrådmannen framlegg om at Vestlandsrådet sender eiga fråsegn til landbruks- og matdepartementet i samband med utarbeidning av ny landbruksmelding, som er under arbeid.

Saka skriv seg frå eit notat til AU om “Vestlandsjordbruket”, eit tema som m.a. var i eit av fleire tema i samband med den merksemde Vestlandet hadde i media sommaren 2010. Notatet, som er lagt ved, vert her nytta som framlegg til fråsegn til ny landsbruksmelding. I fråsegna gjer vi framlegg om at fylkeskommunane i større grad bør ta ansvar for ein regional landbrukspolitikk som skil seg frå den nasjonale eller har ei anna vektlegging enn den nasjonale.

Vi argumenterer likevel for at ein politikk for matproduksjon bør vere nasjonal, med virkemiddel tilpassa landsdelane og ulike klimatiske tilhøve. For vestlandet sin del handlar dette om distriktstilskot på kjøt og mjølk, tilskot til husdyr, driftstilskot, avløysartilskot, fraktutjamning, generelle arealtilskot osv.

Derimot gjer vi altså framlegg om at ein politikk for landskap og busetjing kan gjerast regional. Notatet skisserer mål knytt til å etablere ein strategi for å stoppe nedgangen i jordbruksareal på Vestlandet, auke turisme på Vestlandet gjennom ope landskap og bygder med husdyr og folk, bruk av meir lokale råvarer til matvareindustrien og utvikle nye næringsmiddelbedrifter, og sikre rekruttering til landbruket.

Slik vi ser det er det ønskjeleg å flytte pengar frå det nasjonale (generelle arealtilskot) til det regionale miljøprogrammet. Her bør ein då ha fokus på kompensering av driftsulemper, beiting og drift av utvalde område. Dette vil påverke fjordyrkinga på Vestlandet, altså det som foregår utanfor fjøsdøra

Litt meir om bakgrunn

Forsøk med sterkare regional tilpassing av landbrukspolitikken bør ta utgangspunkt i dei utfordringar og muligheiter som ligg i nettopp Vestlandet sitt landskap og småskala bruksstruktur. Matproduksjon er eit nasjonalt ansvar, men ansvaret for landbruket sine mål innan busetjing, kulturlandskap og ny lokal verdiskaping kan gjerne flyttast over på regionalt nivå. Med ei flytting av ansvar vil folkevalde på regionalt nivå få eit auka ansvar og større medvit om betydinga landbruk har både i høve til matproduksjon, men og i høve til andre og større samfunnsoppgåver

Fylkeskommunen har tidlegare hatt lite med landbruket å gjøre, men har fått utvida fullmakter frå 2010 av. Fylka har fått høyringsrett i høve til nasjonal politikkutforming, eit auka ansvar for å inkludere landbruk i generelt næringsarbeid og har også fått tildelt midlar som skal gå til auka kompetanse, likestilling og rekruttering i landbruket. Vidare har fylka gjennom den regionale partnarskapen høve til å vere med i utforming av BU-strategien og RMP.

Kort sagt er den regionale styringa av landbrukspolitikken i dag, sjølv med fleire oppgåver frå 2010, svært avgrensa i høve til den nasjonale. Det meste av virkemiddelbruken er styrt gjennom generelle, rettighetsbaserte, nasjonale ordningar fastsett i jordbruksoppgjøret.

Konkret ser vi føre oss følgjande mål:

- Stoppe nedgangen i jordbruksareal på Vestlandet.

- Tiltak: stimulere til drift av tungdrivne areal gjennom arealtilskot etter driftsforhold. Bruke storleik på teigar, hellingsgrad, transportavstand, jordtype og nedbørsforhold som nye parameter for å utlikne skilnader i driftsforhold
- Auka turisme på Vestlandet gjennom ope landskap og bygder med husdyr og folk
 - Tiltak: stimulere til beitedyr i husnære strok, beitesoner langs vegane for å sikre utsikt
- Meir lokale råvarer til matvareindustrien og utvikle nye næringsmiddelbedrifter.
 - Tiltak: auka produksjon av frukt og bær
- Sikre rekruttering til landbruket.
 - Tiltak: gjere vestlandet til landsleiane innan det å kombinere teknologi og biologi

I notatet om utfordringar og muligheter for Vestlandsjordbruket - behov for ei sterkare regionalisering av landbrukspolitikken – vert nærmare om bakgrunnen og grunnlaget for ei slik tilnærming skissert meir inngåande.